Glimt frå folkedanshistoria i Noreg

Postkort med tekst: Springdans, fra Valdres. Kortet er datert 09.08.1908. Kjelde: Nordlandsmuseet/Digitalt museum

Magne Velure

2023

Innleiing[1]

I samband med eit arbeid om springarvariantar i Sørfjorden og andre Hardanger-bygder, har eg sett nærmare på korleis nemningsbruken[2] var, med hovudvekt på 1800-talet. Som viktig kjeldegrunnlag har eg brukt eit veksande volum med digitaliserte kjelder i Nasjonalbiblioteket. Spesielt er avismaterialet nyttig. Der finn me samtidig, skriftleg nemningsbruk, både i annonsar og i omtale av konsertar, tevlingar, festar m.m. Dette materialet speglar etablert nemningsbruk på publiseringstidspunktet. På den måten kan me etablera ei form for tidsline for nemningsbruken. Samstundes er det grunn til å minna om at Nasjonalbiblioteket ikkje har digitalisert alt trykt materiale som kan vera relevant.[3]

'Springedans' og 'springdans'

Formene '*springedands/'springedans'* og' *'springdands'/'springdans'*ser ut til å ha vorte brukte parallelt, men 'dands' vart nok bytt ut med 'dans' etter kvart.

'Springedantz/'S*pringedands*'/'*springedans*' er det få døme på i nasjonalbibliotekmaterialet. Det eldste dømet er hjå Christen Jensøns glosebok frå 1646. «Frampaa kaldes en Springedantz.»[4] Sannsynlegvis er det meint dansen springdans.

Nemnast må også Peder Syv i 1682. Der står følgjande ordtak: *«Wen kjendes i nød og ei i springedands».*[5] Vidare finn me springedans i eit teaterstykke frå 1776, der det i ein duett-tekst står *«…siden skal vi danse os en liden Springedans.»*[6]

Eit interessant døme frå 1782 må nemnast. Lorentz Nicolai Berg var stadsmusikant i Kristiansand 1775-1787. Han laga ei lærebok i 1782 *Den første Prøve for Begyndere udi Instrumental-Kunsten*. I boka er han skeptisk til at stadsmusikantane skal rekrutterast frå Den Kongelige Kapell, og spør retorisk: «Hva vil skje når ingen folk bliver at bekomme som har lært å spille en god menuett og påfølgende springdans? Man merker allerede denne mangel.»[7] Sitatet er ekstra interessant sidan det gjev ei kopling mellom menuett og springdans.

I eit tidleg døme i nasjonalbibliotekmaterialet refererer '*springdands*'/'*springdans'* seg til dansen. Det er i ei ordbok frå 1792.[8] Der står 'Mataffin' forklart på denne måten:

> *«Mummedands, Springdands, lystig Dands, hvori der giøres mange Geberder med Hænderne; item en saadan Dandser. Danser de mataffins.»*

Interessant er ei omtale frå 1839 i ei ordbok. Der vert 'Slängpolska' omsett til 'Polskdans, Springdans'.[9] I ei anna ordbok frå 1842 vert springdans brukt til å forklara kva 'galopade' er.[10]

Som døme frå det tidlege materialet må også justitsråd Chr. Hammers[11] Sogne-Beskrivelse over Hadeland frå 1790-talet nemnast. Han beskriv at «*Bøndernes største Fornøyelse er at Dandse. Deres Dandse ere følgende:*

1. *Polsk dans med gaae- og Springdans.*

2. *Krabbeluren. Engelsk Trip. Biøndansen, Skindfæld-dans, Mæreflaar-dansen, Contra-dandse og fleere.*
3. *Hallingen, som er den artigste baade af Musik og Dandsemaade.*
4. *Tre korsdans og Sex korsdans. Langdans, da der i en rad dandser saamange, som i Stuen er, og er nok den første Simple Dandsemaade, da alle fornøyer sig paa engang; Og fordandserens og hans medfølgende Qvindfolk holder et tørklede mellem sig og der under dandse de alle med snuing og Vendinger efter en Frisk Polsk dands.»*

I den delen av Hammers publisering som me finn i Topographisk Journal i 1797-98, er ei inngåande skildring av korleis eit bryllaup går for seg. Når gjestene etter måltidet har gjeve brureparet pengar i «skåla», skal brura dansa med gjestene. «*Dandsen bestaar i en kort Polsk, eller rettere norsk Springe – Dands, hvortil Musiken er componeret efter deres Smag.”*[12]

Her må også nokre tidlege døme på visuelle vitnemål om folkeleg dans nemnast. Johannes Flintoe (1787-1870) har ei teikning (sjå nedanfor) med tittel «Søndagsbesøk. Lek og lystighet i seteren Bergsdalen på høyfjellet ved Hurrungerne».[13] Det er sannsynleg at dei to dansepara viser springar. Tidfesting av teikninga er uviss. Truleg er ho frå åra 1819 til 1830, då Flintoe kvart år reiste rundt i Sør-Noreg.

Nyleg har eg kome over eit anna materiale som er interessant som dokumentasjon av tidlege omtaler av folkeleg dans.[14] Den danske kunstnaren Martinus Rørbye (1803-1848) reiste i fleire omgangar rundt i Noreg og laga skisser/teikningar av folkelivet. Nokre av dei viser dans og er såleis mellom dei eldste visuelle vitnemåla om folkeleg dans i Noreg. Det fyrste dømet er ei scene frå eit stove, der eit par dansar noko som kan vera eit springartak, sjå nedanfor.

På teikninga står det Rørbye 1832. Truleg frå Gulsvik. Statens Museum for Kunst, København.

Den andre Rørbye-skissa viser nokre dansetak saman med ei opprekning av namn på dansar. Namna er naturleg nok interessante: «Jagaren, Halling, Furtaren, Polsdans, Springedans, Flottaren, Langedans, Krabeluræ, Smættaren, Engelsk, Bakirina (?), Vridorsdans (?)». Dei står i same skisseboka som Gulsvik-materialet.

I 1845 har Drammens Tidende omtale av 17. mai-festen. Meldinga fortel samstundes om skilnaden mellom den «rurale» tradisjonsdansen og dei «urbane», nye dansane som etter kvart skulle få stor utbreiing:

«Paa et tredie Sted lokkede «Hardangerfæla» de mange Fjeldfolk, der paa Grund af Udvandringen i denne Tid opholde sig her i Byen, til den raske Springedans, medens "Bykaren" paa et fjerde Sted hellere svingede Pigerne efter sine kjendte Spillemænds Waltzer og Skotsker." [15]

Mellom dei mest kjende omtalene av 'springdans' er referatet frå Myllargutens ikoniske konsert i Christiania i 1849. Der vert 'Springdands' brukt om slåttane han spelte.[16] I folkemusikksamanheng er denne konserten sett på som sjølve startpunktet for norsk folkemusikk på den offentlege scena.

På 1850- og 1860-talet kan det finnast fleire døme på at 'springdans' vert brukt om dansen, m.a. i Bjørnsons bondefortelingar, Synnøve Solbakken (1857) og Arne (1858). I P. Chr. Asbjørnsens (1812-1885) første samling av Norske Huldre- Eventyr og Folkesagn frå 1859, er 'springdans' brukt om sjølve dansen. På den andre sida finn me mange døme på at 'springdans' vert brukt om musikken, m.a. i mange konsertannonsar. Det er difor grunnlag for å seia at 'springdans' vart brukt både om musikk og dans, til 'springdans' tidleg på 1900-talet gjekk meir og meir ut av språkbruken.

Som me har sett ovanfor, kjem *'polskdans'* av og til inn som forklaring og/eller synonym med 'springdans', m.a. i Hammers beskriving frå Hadeland og i ordboka frå 1839. Det same finn me i ei skildring av danseframsyning på Klingenberg teater i 1849, jf. nedanfor. Sannsynlegvis meiner Lars Roverud i 1815 òg springdans når han nemner «Polskdands og Halling» som døme på nasjonaldansar.[17] Like fullt er frekvensen av 'polksdans'/'polsdans' utover på 1800-talet klårt mykje lægre enn for 'springdans' og 'springar'. Det kan sjå ut til at 'polskdans' som synonym for 'springdans' er avgrensa til det eldste materialet.

'Springar'

Den eldste, kjende kjelda for '*springar*' i nasjonalbibliotekmaterialet har tilvising til musikkforma. Det er ein artikkel i Statsborgeren frå 13. juli 1834, der det vert fortalt ein variant av segna om korleis spelemannen Brynjulf Olsson lærde ein slått av dei underjordiske.

«Om ham fortælles der, at han engang var i Skoven og hørte da en deilig Musik. Han nærmede sig den, og da blev det sunget af Huldra:

'Saa ska du spøla, Du Brynjulf Olsen
Naar Du kjæm heim te Kjæring aa Bo'n.'

Derpaa fulgte da en Tul eller en Slot, som det paa andre Steder i Norge hedder, af det Slags, som der kaldes «Gangar» til Forskjel fra et andet med en raskere Takt, som de kalde «Springar». Det Hele siger intet andet, end, at B. O. havde digtet denne Slot."

I ei ordbok frå 1848[18] har ordet 'ephalmator' tydinga: *«Springer, Dandser…».* Ivar Aasen (1813-1896) har slik forklaring av 'springar': *«1) en Løber, Hurtigløber. 2) en Dands hvori man løber rundt i en Kreds, uden at dreie sig…"*[19]

Etter 1850 ser det ut til at 'springar' i stor mon refererer seg til musikken. I ein del skjønlitterære publikasjonar, spesielt dei som er skrivne på landsmål (Kristoffer Jansson o.a.) kan ein likevel finna 'springar' brukt både om dansen og musikken. Det er kanskje grunn til å tru at 'springar' fall betre i smak hjå landsmålbrukarane enn 'springdans'. I avismaterialet frå 1880-talet og utover vert 'springar' brukt både om musikken og dansen. Det ser me av annonsane for konsertar m.m. Det ser med andre ord ut til at på slutten av 1800-talet vert 'springar' og 'springdans' brukte om både musikk og dans.

I dei eldste omtalene er det få opplysningar om korleis dansen vert utført. Eit tidleg døme er Jørgen Moes fargerike beskriving av springar som dans frå eit bryllaup i Telemark («Tindsøen») på 1860-talet. Han fortel at "Ole Spillemand" strauk oppe ein springar.

> ***"Midt paa Stuegulvet, hvor nu Alt, som krybe og gaa kunde, var stimlet sammen, aabnede Dandserne, idet de ledede Jenterne ved Haanden bag sig, ved Stød og Puf, ledsagede snart af en Vittighed, snart av et kipent Spræt, en fri lille rund Plads, paa omtrent to Alens Tværmaal. Her manøvrerede tre, fire Dandsere med deres Damer. I Springeren leder Svenden først sin Jente ved Haanden bag sig, han træder Dandsen med kipne Slæng og dygtige Tramp i Gulvet, hver Gang det betonede Buestrøg høres; hun med korte, trippende Skridt og blynedslagne Øjne. Paa denne Maade kredse Parrene det ene efter det andet nogle Gange rundt. Derpaa snurrer Dandseren , holdende Pigens Haand højt i Vejret, sin Dandserinde rundt som en Top, idet han selv, staaende paa samme Plet, drejer sig langsommere efter Felens Takt. Nu fører han atter nogle Gange sin Jente omkring Kredsen bag sig; saa slaar han begge Arme om hendes Liv, hun legger Hænderne over hans Skuldre, og de cirkle i en hvirvlende Runddands. Er det en rask Karl, og synes han om sin Dandserinde, løfter han hende under denne højt over Tilskuernes Hoveder op under Loftsbjælkerne, og sætter hende atter med et "Het daa Margit!" "Staa deg Ragne!" o.s.v. ned paa Gulvet, saa Skjørterne bruse hende op over Knæet."***[20]

I dag vert 'springar' brukt både om musikken og sjølve dansen, og er nærmast einerådande som nemning. Det ser ut til at denne nemningsbruken feste seg frå ca. 1910 og utover.

Det er litt interessant å sjå litt på frekvensen av 'springar' og 'springdans' i avismaterialet, jf. Figur 1. 'Springdans' dominerer før 1900, medan 'springar'[21] får ein dominerande bruk frå tidleg 1900-tal og utover[22].



Danseframsyningar

I gjennomgangen av avismaterialet om 'springar' og 'springdans' har eg kome over tidlege døme på danseframsyningar. I 1843 skipa den norske statsministeren til ein «maskerade» i Stockholm. Eitt av innslaga var eit bryllaupsfølgje med spelemann i spissen.

> ***«Stockholmerne fik her Leilighed til at see flere af de smagfuldeste og meest eiendommelige norske Bondedragter, ligesom ogsaa de norske Nationaldandse, Springedands og Halling. Ved Dandsens Slutning hævedes en af Bønderpigerne af et Par Bondegutter iveiret, og sang, saaledes siddende på Guldstol, en til Anledningen forfattet Vise i norsk Bondedialect paa Melodien "Kjøre Vatten" etc".***[23]

Eit tidleg døme på framsyning av hallingdans finn me i 1848, der det vert annonsert med norsk hornmusikk og hallingdans i eit «Sidste Baurbal» på Solied 19. september. *«Det bemærkes at Hallingdansen udføres i Nationaldragt efter Fjældmelodier, af de Personer, som dansede for Deres Majestæter i Malmø».*[24] Same hausten vert det reklamert med framsyning av hallingdans *«af de bedste Dansere»* i Schønstrøms Theater på Kontraskjæret i Christiania.[25]

Same året som Myllarguten har konsert i Christiania i 1849, finn me ei interessant melding frå oktober, ikkje minst fordi me her får ei uvanleg detaljert skildring av ei danseframsyning:

> ***«I denne Tid feirer den nationale norske Dansekunst mange Triumpher i Tivoliteheatret paa Klingenberg[26]. Den norske Nationaldans repræsenteres av følgende indfødte Kunstnere og Kunstnerinder: Jens Klevgaard, Knut Evjen, Jens Broka, Marit Hesla, Berit Hesla og Kari Kleiva, samt Spillemand Hans Haave. Disse folk fra Hallingdalen have saaledes tildeels løst den store Opgave, der i den senere tid har givet Anledning til saamange Discuøsjoner, nemlig den om et norsk Nationaltheater med Folkedanse og Folkemusik. …***
>
> ***Idet Teppet gaaer op viser sig i Baggrunden 6 til 8 Personer i hallingdalske Nationaldragter, der ikke ere Theaterkostumer, men Personernes dagligdagse Dragter. De nærme sig***

Forgrunden og en Spillemand sætter sig med en Fele ved Milepælen[27] og begynder en Polskdans, der strax ytrer sin virkning på de andre. Nu gaar Dansen rask mellom Træerne[28] i voldsomme comiske Svingninger og Dreininger, medens Spillemandens Taktslag gjenlyder i Huset. Deretter danses forskjellige andre Folkedanse og tilsidst Halling. Hver av Mænderne danse sin Halling og gjøre herunder gode Rundkast efter en fra Loftet nedhængende Stok. Alt dette modtages af Publikum med stormende Applaus og Dacapo-raab.»[29]

Rett etterpå kan me finna diskusjon om denne hendinga, m.a. i "Den Norske Rigstidende", der overskrifta på innlegget er "De norske Nationaldanse paa Klingenberg". Interessant, men ikkje overraskande, er vurderinga av den folkelege dansen opp mot scenisk dans.

"Der er ofte blevet sagt, at en Kunstner burde bringe norske Nationaldanse paa Theatret for at man da kunde see, om de der vare berettigede. I disse dage har der i etablissementet paa Klingenberg, været en Samling af Hallinger, som have udført slige Danse i deres naturlige Fuldendelse, og disse ere modtagne af de der forsamlede Publicums livlige Acclamationer. Trods Applausen troer dog Indsenderen neppe at denne Slags Naturdanse vil kunstnerisk kunne behandles til Theaterbrug, da de dog ei ere andet end Voltigeurkunster[30], og som saadanne høre til den Genre av Forlystelser som Kunsten ei har at skaffe med. Naar man sammenstiller vore Dandse med spanske, italisenske, franske, polske o.s.v Folkedanse, saa ere disse Landes mere combinerede, og merer Udtrykket for Fremstillingen av smukke Former og Bevægleser, hvori Ynden er prædominerende, medens vore norske, som der nu vises, erer Kraftytringer som Beviser for Legemets Muskelkraft og Udholdenhet."

Konklusjonen for innsendaren er at den norske folkedansen *"...holdes borte fra de Scener, hvor det, som tiltaler Aand og Følelse, bør være det fremherskende."*[31]

Dette synspunktet møter motbør i eit innlegg straks etterpå i Bergens Stiftstidende, der dei norske dansane får ei heilt anna omtale.

"Det er vist, at et saadant [negativt] Raisonnement er aldeles feilaktigt, for saavidt som der tages Hensyn til Dandsens Characteer og ikke til en maaskee uheldig Udførelse. Vi ville navnligen udhæve Hallingen. Vi spørge Indsenderen, saafremt han har seet denne ordentlig dandset, hvor han vil opvise et rigere Sujet til plastisk Udvikling, eller om han af alle de fremmede Characteerdandse, han har seet fremstillet paa Scenen, kan opvise en saadan Solo, baade hvad yndige Bevægelser og udtryksfulde Stillinger betræffer, som netop en smuk dandset Halling frembyder. Det samme kan siges om Springedandsen med sine efter de forskjellige Bygder varierende Nuancer, hvor gjerne en heel Roman med fine Lidenskaber, Skjæbnens Luner, Drillerter zc. vexler."[32]

Dette at dei tidlege framsyningane av folkedans på scena skapte såpass mykje debatt, er interessant fordi det dreg opp ein konfliktprofil der eit klassisk stilideal vert stilt opp mot ei meir upolert og "naturleg" oppfatning av kva som er god danseutføring.[33]

I januar 1850 veit me det var teaterframsyning med springdans, då Ole Bull som opningsførestilling sette opp Henrik Wergelands teaterstykke «Fjeldstuen» på Det norske Theater i Bergen (seinare

Den Nationale Scene).[34] Bull hadde skrive musikk til stykket og for å gje framsyninga eit autentisk preg, fekk Ole Bull dansarar frå Hardanger, Nordfjord og Lærdal til å dansa halling og springdans. Ei som var med på førestillinga, Marie Bull, beskriv hendinga i rosande ordelag med høgstemt omtale av dansaren Jacob Jøsendal frå Odda.[35] Med i eit publikumsperspektiv er oppfatninga noko meir kritisk i ei seinare omtale:

> *«Men som var at forudse, løb denne Prøve mindre heldigt af; thi de friske Bondegutter som hjemme kunde gjøre Hallingkast opunder Loftsbjelken, fandt sig ikke fuldt saa godt tilrette paa det skraatliggende Teatergulv, hvor de gled saa det smeldte i Salonen."*[36]

Etter kvart vart halling og springar å sjå på varitéteater, sirkus og tivoli, og sjølvsagt også i samband med konsertar. «Springdans» er òg nemnd i danseframsyningar i Sverige frå 1840-talet og utover.[37] I 1860 er det annonse for konsert av Myllarguten på Gråtenmoen i Skien. Der skal Halvor Rollessen Storrønning dansa halling.[38]



Mollargutten giver med Assistence i Saloneu
paa Graatermoen Mandag den 9de Juli Kl. 6½
Aften en Concert af følgende Indhold:
1. Sævlen, Ganger, udføres af Møllargutten,
2. Et Solonummer, udf. af Corpstambur Bye,
3. Reqveden, Springar,
4. Hornqvartet,
5. Abelhaugen, Springar,
6. Hornqvartet,
7. Kvitnespringar,
8. Hornqvartet,
9. Kivle-Møiene,
10. Bordstabelen, Hallingdands, dandses af
Halvor Rolleffen Storrønning.
11. Nogle Melodier af Ole Bull, udf. af Møllargutten.
12. Nogle Fjæld-Sange af Møllargutten.
Billetter a 36 ß, erholdes ved Ingangen,
som aabnes Kl. 6.

Christiania Theater reklamerer i 1868 med at på ei ballettførestilling skal «Signorina Dorina Merante Gredelue og Mr. Gredelue» dansa ein springdans.[39]

I samband med Gjøvik-marken i 1871 vart det tillyst ein «Fjeldkoncert og Hallingdans» med felespelaren Ole H. Kleven. Med seg hadde han *«den berømte Hallingdanser Harald Olsen med*

KONCERT
i
Hamar Arbeiderforenings Sal
Søndagen den 22de November Kl. 7
af
Ole Hansen Folkestad Bøe
og
G. Gunnarsen Kaste
fra Siljord.
Hardangerviolin, Lur og Langleik.

Koncertgiverne have for Udførelsen af den gamle, berømte Tonespilkunst erholdt flere Førstepræmier.

Koncertgiverne optræder i tvende berømte Nationaldragter.

Den nationale Dans **Hallingen** danses af den bekjendte Hallingdanser
Kittil Nirisen.

Program:

1. For Lur:
Kom Kjyra.
Det er saa imist.
Tusseslaat.
Skonde deg du Jenta.

2. Hardangerviolin:
Møllarguttens Minde.
Følkedalen.
Halling Dans.
Norfjoren.

3. Langleik:
Røikjilslaatten.
Halling.
Den dede Jenta.
Ein Springar.

4. Hardangerviolin:
Skuldalsbruri Dans.
Siklebækken.
Abelhangen.
Bækven.
Fossegrimar.
Kivlemøi.

Billetter a 50 Øre, Børn 25 Øre, faaes ved Indgangen, som aabnes Kl. 6.

Kone, der udfører flere Dansenummer af Hallingdans og Springdans, hvoriblandt den komiske Barberdans, der af ham selv er udført for Hans Majestæt Kongen." [40]

Utover på 1880-talet har fleire spelemenn med dansarar på konsertane sine, t.d. Leiv Sandsdalen, «Møllergutens Søn» o.a.

.

Annonse frå 18.november 1895 i Oplandenes Avis

Både i annonsar og i omtale av danseframsyningane ligg det ein tendens til eksotisme, dvs. dansane vert presentert som noko ekstraordinært. Innramminga i varieté-teater og sirkus understrekar det uvanlege. Ofte er det snakk om «fjelddanse», og dansarane er «naturdansere» og liknande. Frå militærleiren Gardermoen vert det i 1877 fortalt at ein dverg frå Setesdal dansa hallingdans og springdans for soldatane. [41]

Det er nok tendensar til å framstilla bygdedansane som dansar som i stigande mon måtte vika plassen for nye dansar. Ein stemningsrapport frå 1867 kan vera symptomatisk for oppfatninga:

> **«Springdans og Halling sees nu sjelden i Valdres; disse Fjelddanse ere blevne fortrængte av Winer-Vaals, Hamborger-Skotsk – ja endog francaise.»[42]**

Det hender at danseframføringane får ei omtale i avisene etterpå. Som oftast er det positive og rosande ord om dansarane. Men det hender òg at det framførde ikkje fell i smak. På 1890-talet er det eit syskenpar Stalheim som viser fram dansar. I Den 17de Mai i 1894 er «Vetle-Magnus»[43] heller kritisk til det han såg.

> ***«So var det «søskenderne Stalheim», som lest dansa halling og springdans. Spreke er dei, det er so, og ei slags meining til springar er det og. Gjenta skal vera, ho dansar beint fram stygt. Det kann vel på ei vis gaa an aa dansa slik fyr byfolk, som ikkje forstaar seg paa den heimlege dansen; men aa bjoda bondefolk slikt – nei det vilde aldri gaa.» [44]***

I ei artig annonse frå 1892 inviterer ein av artistane i sirkusteateret, Anna Held, kvinner til å tevla med henne, mot ein pengepremie, i hallingdans og springdans.[45] I ein kommentar frå ei Aasta Hansen står det å lesa at sidan *«Mademoiselle Held udfører Dansen ganske feilaktig, kan der selvfølgelig ikke være Tale om nogen Konkurrance.» [46]*

Også på Norsk Folkemuseum var det program med framsyningsdans. Frå ei tilstelling i juli 1902 skriv signaturen «-geir» syrleg om det han hadde sett. Samstundes får me eit tidleg innblikk i korleis ein person med tydeleg innside-kunnskap såg på danseutføringa:

> ***«Men saa var der noget, som de kaldte nationaldans. Hvis de folk driver længer paa den maade, saa ødelegger de den smule sympati, man har for nationaldansen. De dansendes dragter var aldeles umulige. Det maatte heller være tyroller- eller zigøinerdragter – end telemarks- og hallingdragter. Det var rent forløsende, da en numedøl traadte frem i sin egen dragt – sølvknappet korttrøie og almindeleg hat. En telemarksjente dansede ogsaa i sin egen – men maatte bruge til cavaller en i julebukcostume. Selve dansen var ikke saa værst, men man kunde mærke paa de dansende, at de hadde tillagt sig nogle varieté-nykker. Og saa var de saa stive – intet humør, som er eget for landsbygdens befolkning i dans. Man fik indtryk af, at de kun "gav forestilling". Springdansen er jo forskjellig i hver bygd – og ilde tog det sig ud at telemarksspringaren maatte danses efter hallingslaattens mere sagte mazurkatakt. Ja, man gad heller ikke oplyse om, hvilke bygdelag dansen hørte hjemme i."[47]***

Dansetevlingar

I den store forteljinga om folkedansrørsla er starten på dansetevlingar knytt til tevlinga i hallingdans i Bergen i 1898, skipa til av Vestmannalaget. Det finst likevel døme på tevlingsaspekt før den tid.

Ei interessant melding , sannsynlegvis frå Vaset-marknaden mellom Hallingdal og Valdres i 1885, fortel:

«Saaledes var det førre Søndag – c: 6te Søndag efter Jonsok – over 300 samlet fra de forskjellige Nabobygder i Hallingdal og Valders og Dansen gik den Dag saameget «lystigere over Tilje» som der af Sanderstølens Gjæster var udsat 4 Præmier hvoraf de 2de var for Gutterne for de to bedste i Hallingkast og de øvrige for Jenterne for de to flinkeste i Springdans.»[48]

Året før hadde Den Norske Turistforening skipa til ein kappleik i spel på «lur, stut og langeleik.» [49] **Desse meldingane frå Vaset-dansen er dei tidlegaste eg har funne i avismaterialet om eit tevlingsaspekt.**

I 1888 kan me finna ei meir detaljert og festleg forteljing om korleis tevlinga i 1885 hadde vore. I bladet Framgang fortel signaturen «K.K.» om springdansen:

«Etter «Hallingen» kom Springdansen. Tre og tre Par om senn og med utallige Variationer. En dansede med to Jenter på en Gang og»figurerede» paa det sirligste med sine Damer. En gjennemtækkelig Gut faldt i Takt nydeligt paa Knæ for sin Jente og gav hende et skjælmsk bønligt Blik, der blev besvaret med et Smil og et undseligt Kast med Hovedet. Jeg ved sjelden at have moret – glædet mig saa over Dans som at se paa dette Naturfolk, hvorledes det uden Affektation med lette, sirlige Bevægelser sprang, hoppede og legede sig med hinanden under Takten af vore gamle norske Melodier. Jeg var uforsigtig nok efter Opfordring at være med blandt Prisdommerne; men det var et langt vanskeligere Hverv, end jeg havde forestillet mig. Med Hallingdanserne gik det nogenlunde, endskjønt de alle var meget flinke; men Præmievinderen her stod i Sirlighed og Spænstighed ikke saa lidet over sine Kamerater. Men Springdansen – der stod jeg aldeles fast. De skulde have haft Præmie allesammen! Præmierne blev uddelte til en Gut og en Jente fra Valdris og en Gut og en Jente fra Hallingdal. – Da Præmiedansen var forbi, begyndte Dansen at blive almindelig. Nogle af vore Bykavalerer vovede sig ud i en Polket, men hutetu! Jamen gik det verre med dem end med mig som Prisdommer! Nei, med sine trange Bukser, spinkle, stive Haneben, der var vante til «bonede Sale», paa den ujevne Mark kom de ud af Takten – og formodentlig ved Stødet af en Ligtorn – jommen morede Fjeldfolket sig over den Dansen, lell!»[50]

I 1888 kan ein finna ei lita meiningsutveksling i Bergens Tidende, der det vert oppmoda til å skipa til tevling i hallingdans, t.d. i samband med 17-mai-tilstellingar, på same måten som ein har tevlingar på ski og skeiser.[51] **Referansen til skitevlingar er interessant fordi skihopp og langrenn var frå 1860-åra døme på bygdeaktivitetar som vart presenterte som noko eksotisk for dei kondisjonerte i Christiania.**[52]

I 1897 er det ei melding frå Kongsberg, der spelemannen Andres Ødegaarden hadde konsert i tingstova på Svenesund. Han hadde sett opp premiar i halling og springdans. Det var ikkje så mange som våga seg frampå, men det vart delt ut tre premiar, til to karar og ei kvinne.[53] **Og frå Telemark er det melding om kappdans i Fyresdal ungdomslag seinhaustes 1898.**[54] **Tevlingar var på veg inn i dansefeltet.**

Me kjenner godt til at Vestmannalaget spelte ei tidleg rolle for meir systematiske tevlingar i spel. Rett nok vart den fyrste kappleiken i spel arrangert i Bø i Telemark i 1888 med ei ny tevling i 1892.[55] I 1892 skipa Sunnmøre frilynde ungdomslag til kappleik på vanleg fele.[56]

Det er likevel Vestmannalaget[57] som står fram som kappleiksarrangør den fyrste tida. I april 1896 kan ein lesa ei fyldig annonse som kunngjer at det skal vera tevling i hardingfelespel 16. mai 1896. Det er sett av 100 kroner i pengepremiar til dei tre som vert best. Tevlinga vert omtalt i rosande ordelag i avisene. Allereie i desember same året har mange aviser landet rundt notisar om at Vestmannalaget vil skipa til kappspel 16. og 17. mai i 1897. Det melde seg 48 spelemenn til tevlinga.

Den fyrste dansetevlinga vart tillyst i 1898. Det var tevling i «hallingdans», som det står i det fyrste jubileumsskriftet til Vestmannalaget.[58] Dei næraste åra vart spel- og dansetevlingar arrangerte annakvart år.

Fyrst 10 år seinare, i 1908, vart det rom for tevling i springdans i Vestmannalaget. Då var nok dansetevlingar alt innarbeidde andre stader. På kappleiken i Bø, Telemark, i 1898, vart det meldt om tevling i dans. [59] Sameleis på ungdomsstemna i Skien i 1899 var det kappleik både i spel og dans.[60] På 17.mai-festen i Gjerstad på Osterøy i 1900 var det tevling med premiering av dei beste som dansa springar og halling.[61] Og i 1902 var det ei stor stemne på Sundre med tevling i dans og spel i regi av Hallingdal Fylkeslag.[62] Alt på den tida var det klåre teikn på at Telemark og delvis Hallingdal og Numedal vart «kappleikregionar» framfor nokon.[63]

På kappdansen i Bergen i 1908 vart dansarane delte i tre «flokkar» med separat premiering: ein frå Sogn og Fjordane, ein frå Hordaland og ein frå Hallingdal. Det er interessant å lesa omtala i Gula Tidend etterpå, der hallingane får mykje skryt, medan dei lokale dansarane får ei kjølegare omtale.

> *«Ein saag snart at Hallingdølerne dei ha sitt Mynster fyr Dansen og vita korleis det skal vera og hava tamt seg inn i det. Det er Samdansen, Rundsnuen, at han gjeng fint og trygt og stilt, som er Kulturen i det. Og der er slik ven Stigning i Dansen deira, han er so heil. Dei herifraa gjorde meir Kunster, dei gjekk paa Raam. Dei hadde ikkje noko Mynster aa halda seg til. Daa er likevæl aa halda Undantak fyr Fanedansarane, som visste kva dei vilde syna fram.»*[64]

Ein ser at i tida etter dansetevlingane vert det annonsert med at dansevinnarane skal opptre på diverse tilstellingar, basarar, turnstemne og dansefestar med ymse program. Det kan også sjå ut til at det vart skipa til dansetevlingar i samband med festar, m.a. i februar 1899 på to ulike fastelavns-festar i Turnhallen i Bergen. [65] Fyrst frå 1933 vart dansen ein del av tevlingsprogrammet i Landslaget for spelemenn. [66]

Kurs i springar

I 1899 annonserer Vestmannalaget kurs i springar. Nedanfor står kurset omtalt i Bergens Annonce Tidende.[67]



Petitnotitser.

Norsk Dans. (Meddelt). Hidtil har vi hos os holdt os til alskens udenlandske Danse: tyske, franske, russiske, østerrigske osv., der i senere Tid endogsaa er bleven „moderne" paa Landsbygden mange Steder.

Sansen for vore smukke, hjemlige Danse synes dog nu at vaagne hist og her. Maaske vil disse, ligesom vore Folketoner, en Gange komme i Ære.

For den, som ønsker at lære Springedans („Springar") vil dertil nu være Anledning, da Vestmannalaget sætter i Gang en Danseskole i Haandværkerforeningen, hver Tirsdag og Torsdag Aften Kl. 8—10. Danseskolen begynder i Aften. (Se Avertissementet).

Då hadde nok opplæring i springdans vore å sjå i nokre danseskular. Allereie i 1852 hadde den danske ballettdansaren August Bournonville hatt eit dansekurs, m.a. inspirert av norsk dans. Han skriv om elevane at «*Alle deres Præstationer lønnedes med rigeligt Bifald, men øverst stod Springedansen, der fremkaldte en sand Be[ge]istringsrus…*"[68] Bournonville laga også balletten "Brudefærden i Hardanger", tufta på folkedansinnslag.

Eit innlegg i Bergens Adressecontoirs Efterretninger i 1875 referer til eit tidlegare innlegg i Aftenposten. Bodskapen er at danselærarane bør ta inn «norske nationale Dandse» i opplæringa.

> ***«Vi tro, at en Reform som den ovenfor omtalte, ɔ: at indføre vore Spring- og Polskdanse m.fl. ved siden af disse nu desværre altfor forgnagede Fançaiser og Lanciers vilde bidrage meget til, at vort selskabelige Liv vilde blive mere tiltrækkende ialfald for en Tid. "***[69]

Springarinnslag i danseskular finn me m.a. i Hamar hjå Ballettmester Johannessén i 1886. [70] - På eit avslutningsball i Kristiania i 1889 vert det tillyst at etter framsyninga vil 50 elevar dansa ein ekstra springdans.[71] Alt tyder likevel på at springar ikkje var særleg vanleg i repertoaret i danseskulane.

Geografiske danse-nemningar

I våre dagar er dei geografiske nemningane på bygdedansane heilt innarbeidde. I omtaler av springardansen på slutten av 1800-talet går det tydeleg fram at det er skilnad mellom dei ulike distrikta. Det er likevel fyrst utpå 1900-talet at dei regionale nemningane dukkar opp i avismaterialet. Det er interessant i seg sjølv.

Det eldste dømet på regional dansenemning i nasjonalbibliotekmaterialet er 'vosserull' i ein artikkel frå 1889 om »aflagte bryllupsskikke paa Voss».[72] Det er likevel fyrst når tevlingane vart vanlege og når landsstemnene i ungdomslagsrørsla kom i gang, at dei regionale springarnemningane kjem i bruk. Typisk nok vart den fyrste tevlinga i springar i Vestmannalaget i 1908 delt i tre «flokkar»: Hardanger, Sogn og Fjordane og Hallingdal med separat premiering. Det er også heilt tydeleg at

geografiske springar-nemningar som vestlandsspringar, fanaspringar, sognespringar, valdresspringar, telespringar osv. kom i bruk etter at kappdans vart vanleg frå 1908 og utover. Det vart nødvendig å halda dei ulike springarformene frå kvarandre når ein skulle omtala dei. Sannsynlegvis har òg ei aukande kursverksemd frå ca. 1910 og utover fremja dei regionale nemningsformene på bygdedansane. 'Telespringar' dukkar opp i avismaterialet i 1908, 'valdresspringar' i 1913, 'hallingspringar' i 1908, 'vestlandsspringar' i 1911, 'fanaspringar' i 1921 og 'numedalsspringar' i 1921.

Dei geografiske nemningane vart truleg i fyrstninga brukte for på ein praktisk måte å halda danseformer frå kvarandre i tevlings- og framsyningssamanheng i tillegg til kurssamanheng. Stundom har dette utvikla seg til ei førestilling om at det eksisterer eller har eksistert éin fast dansemåte som kjenneteiknar ei bygd eller distrikt. Nett det er det vanskeleg å finna vitnemål om. Det vanlege mønsteret er nok at danseformer og -variantar er resultat av individuelle og personlege val innanfor ei meir eller mindre allment akseptert ramme. Slik sett ville det ha vore meir korrekt å bruka nemningar som signaliserer at det er variantar frå ulike bygder eller distrikt. På den andre sida er det òg tvillaust at kursverksemd og kappleiksdans i viss mon har medverka til å einsretta uttrykka i den meining at mangfaldet har vorte mindre. Men det er ei anna soge som høyrer 1900- og 2000-talet til.

Dans i Kilegrend, Fyresdal, ca. 1909. Spelemann: Eivind Olavson Momrak (1887-1967) Foto: Bendik Taraldlien/Vest-Telemark museum.

Notar

[1] Ein noko nedkorta versjon av artikkelen er publisert i Folkemusikk nr. 3, 2023. Den versjonen manglar kjeldetilvisingane. Det finst ein fulltekstversjon i *Folkedansforskning i Norden, Brev 47, 2024,* s. 47 ff.
[2] Egil Bakka, Norske dansetradisjonar, 1978, gjev eit samlande oversyn over dansenemningane.
[3] Storverket til Dag Vårdal, Samværsdansen i Christiania på 1800-tallet, konstaterer at bygdedansane i viss mon var kjende mellom dei kondisjonerte, sjølv om dei ikkje utgjorde eit stort innslag i dei dansane som vart brukte i det miljøet han undersøkjer.
[4] Christen Jenssøn, Den Norske Dictionarium Eller Glosebog : Vdi huilcken indeholdis mange Norske Gloser oc Daglige Tale, atskillige Redskaber, Fuglis oc Fiskes, … 1646. Jf. også Egil Bakka, Norske dansetradisjonar, 1978, s. 25.
[5] Peder Syv, Aldmindelige Danske Ordsproge og korte Lærdomme med…1682.
[6] Charles-Simon Favart, Bondepigen ved Hoffet: en lyrisk Komedie i to Handlinger.
[7] Lorentz Nicolai Berg, Den første Prøve for Begyndere udi Instrumental-Kunsten, s. 65. Her sitert frå Anne Svånaug Blengsdalen, *Med Spil at betiene Alle og Eenhver. Stadsmusikantordningen i Norge 1660–1800, med særlig vekt på Kongsberg og Skien*, ph.d. avh. NTNU, Trondheim 2015, s.485.
[8] Dictionnaire Royal. 2 : Anden Tome. Fransk og dansk : L – Z. 1792
[9] Ludvig Kr. Daa, Svensk-Norsk Haand-Ordbog. 1839.
[10] Maurits Hanen, Fremmed-Ordbog, eller Forklaring over de i det norske Skrift- og Omgangs-Sprog almindeligst forekommende fremmede Ord og Talemaader. 1842.
[11] Christopher Hammer (1720-1804) gav ut Sogne-Beskrivelse over Hadeland…, delvis publisert i Topographisk Journal for Norge i 1797/1798. Fullstendig publisering i Årbok for Hadeland 33, 2000. Sitatet er frå Egil Bakka & Gunnel Bishop (red.): Norden i dans, 2007.
[12] Topographisk Journal for Norge. 1796/97 Vol. 5 Nr. 17-20, s. 249.
[13] Kopien er etter eit foto i Norsk Folkemuseum av fotograf O. Væring.

[14] Arne Anderdal, Ole Bull-akademiet, har kome over skisser av den danske kunstnaren Martinus Rørbye (1803-1848). I åra 1830 og 1832 reiste Rørbye rundt i Telemark og Buskerud og laga skisser/teikningar. M.a. besøkte han Johannes Flintoe i Christiania. - Boka til Dyveke Helsted, Eva Henschen, Bjarne Jørnæs og Torben Melander: *Martinus Rørbye 1803-1848*, København 1981, gjev eit detaljert oversyn over reisene og aktiviteten til Martinus Rørbye. Eit kjent målarstykke frå dei norske reisene er En Søndag på Gulsvig i Hallingdal, som vart selt til den danske kongen i 1833. Motivet viser m.a. eit par som dansar, mogelegvis springar. – Skisseboka tilhøyrer Statens Museum for kunst i København og har referanse KKS 14612.
[15] Drammens Tidende 21.05.1845.
[16] Christiania-Posten 12. januar 1849.
[17] Lars Roverud, Et Blik paa Musikens Tilstand i Norge : med Forslag til dens almindelige Udbredelse i Landet, ved et Instituts Anlæg i Christiania. 1815, s. 21. Han er svært kritisk til musikken, og understrekar at «polskdands»-musikken ikkje eingong let seg festa på notar.
[18]Ny latinsk ordbog, til brug for den studerende ungdom. 1848.
[19] Ordbog over det norske Folkesprog. 1850.
[20] Publisert i Hartvig Lassen, Natur- og Folkelivsbilleder fra Norge, samling 1, 1869 med tittel «Besøg i et Bondebryllup». - Her sitert frå Egil Bakka & Gunnel Bishop, Norden i Dans. 2007, s. 139. Heile den fargerike skildringa til Jørgen Moe er attgjeven i den publikasjonen.
[21] Kjeldekritisk kommentar: avisene med ‘ springar’ kan også innehalda referansar til ‘ springar’ i meiningar sjakkbrikke. Dessutan er det nokre døme på at presens ‘springer’ i bokmål har vorte registrert som ‘springar. Det endrar likevel ikkje hovudtendensen.
[22] Tala for 1800-1849 er: ‘springar’ 1; ‘springdans 4; 1850-1899: ‘springar’ 199; ‘springdans’ 1761.
[23] Christiania Adresse-Tidende 08.05.1843.
[24] Christiania-Posten 19.09.1848.
[25] Morgenbladet 15.10.1848.
[26] Klingenberg var ein kjend arena som scene og som dansehus i Christiania. Jf. Dag Vårdal, Samværsdansen i Christiania på 1800-tallet, del 1 og 2.
[27] Eit scenografisk element på scena
[28] Scenografisk element
[29] Drammens Tidende 17.10.1849. Teke frå Morgenbladet 14.10.1849. Også omtalt i Ingar Ranheim, Folkedans, disiplinering og nasjonsbygging. - Norsk folkemusikklag, skrifter nr. 8, s. 54. – Våren 1848 vart det annonsert

«Nationaldanse» m.a. på Klingenberg teater og på «Hotellet Løven». Dansarar var Johanne og Carl Marvig, og dei dansa utanlandske dansar. Referanse: Den Norske Rigstidende, søndag 14. mai 1848.
[30] Kan omsetjast med 'akrobat' i denne samanhengen.
[31] Den Norske Rigstidende 17. oktober 1849.
[32] Bergens Stiftstidende 01.11.1849
[33] Jf. m.a. Harald Herresthal: Med spark i gulvet og quinter i bassen : musikalske og politiske bilder fra nasjonalromantikkens gjennombrudd i Norge. 1993
[34] «Fjeldstuen» skulle ha vore opningsførestillinga, men vart utsett til 13. januar 1850, m.a. fordi musikken ikkje vart ferdig. Teateret hadde prøveførestilling 21. november 1849, m.a. med Holberg-stykke.
[35] Marie Bull, Minder fra Bergens første Nationale scene, 1905.
[36] Søndre Bergenhus Folkeblad 29.04 1886; oppgjeven kjelde er Olaf Røst i «Magne».
[37] T.d. Stockholms Aftonpost 25.04.1849.
[38] Correspondenten 07.07.1860
[39] Aftenposten 12.02.1868
[40] Kristians Amtstidende 01.02.1871.
[41] Lillehammers Tilskuer 21.08.1877.
[42] Skilling-Magazin (trykt utg.) 1867 Vol. 33 Nr. 1-52, s. 299.
[43] Det kan vera Magnus Hydle (1868-1944), frå Ulvik. Han var skribent på den tida med signaturen «Vetle-Magnus».
[44] Den 17de Mai 10.04.1894.
[45] Dagbladet 22.04.1892
[46] Kristianiaposten 26.04.1892
[47] Social-Demokraten 07.07.1902.
[48] Aftenposten 15.08.1885. I Framgang 28.03.1888 fortel ein gjest om denne, eller ei tilsvarande hending, på Vaset-dansen. Gjesten fortel korleis hotellgjestene samla saman pengar til premiar. Han – eller ho – var også ein av domarane for tevlinga.
[49] Knut Hermundstad: Fjellstemnone i gamal tid. Syn og Segn 1943, vol 49.
[50] Framgang 28.03.1888.
[51] Bergens Tidende 05. og 08.12.1888.
[52] Jf. Norske skiløpere: Skihistorisk oppslagsverk i 5 bind: Østlandet Nord. 1955.
[53] Kongsberg Blad 28.04.1897.
[54] Den 17de mai 26.10.1898.
[55] http://www.folkedans.com/folkemusikk/kappleiken%20i%20b%C3%B8%20i%201888.htm.
[56] Tidsskrift for Sunnmøre historiske lag, 1915, vol.7, s. 102.
[57] Eit godt oversyn over kappleikar i Vestmannalaget finn ein på nettstaden https://www.folkedans.com/folkemusikk/kappleikar_vestmannalaget.htm.
[58] Torleiv Hannaas, Vestmannalaget i femti aar : 1868 - 21de januar – 1918.
[59] Landmandsposten 28.10.1898.
[60] Nationalbladet 11.07.1899.
[61] Nordhordlands Avis 19.06.1900.
[62] Jostein Mæland, Landslaget for spelemenn 1923-1973: 50 år, s. 14.
[63] T. d. vert det meldt om «kapdans» på St.Hans-stemna til idrettslaget Odd både i 1907 og 1908. Norsk idrætsblad 1907, s. 224 og 1908 s. 205.
[64] Gula Tidend nr. 128, 1898.
[65] Arbeidet 18.02.1899. Premielista står i Arbeidet 21.02.1899. Premielista frå den andre festen står i Bergens Tidende 27.02.1899
[66] Jostein Mæland, Landslaget for spelemenn 1923-1973: 50 år, s. 38.
[67] Bergens Annonce Tidende 07.03.1899.
[68] Morgenbladet 20.06.1865
[69] Bergens Adressecontoirs Efterretninger 10.02.1875.
[70] Hamar Stiftstidende 29.04.1886. Det er tydeleg ein omreisande danseskule som i åra framover dukkar opp i mange byar med «Afslutningsbal», der springdans var eit fast nummer. Noko stort innslag ser det ikkje ut til å ha vore; jf. Dag Vårdal, Samværsdansen i Christiania på 1800-talet, del 1. 2019.
[71] Morgenbladet 08.12.1889.
[72] Dag i Norden 08.03.1889. I tidlegare materiale er det snakk om 'rulledans', t.d. i Aftenbladet 12.04.1861.